

*Stryn Energi AS er eit kommunalt eigd energiselskap med administrasjonsbygg i Stryn sentrum. Stryn Energi er ansvarlege for straumnettet i Stryn kommune, produserar og sel straum, byggjer ut fiber og leiger ut kontorlokale. Vi har 22 tilsette og ei årsomsætning i konsernet på om lag MNOK 100.*



## Energimontør/hjelparbeidar

Vi søker etter ein person med godt humør, positive haldningar og nødvendige faglege og formelle kvalifikasjonar, som likar å arbeide ute heile året under varierende forhold. Ved vurdering av søkjarane vert det lagt vekt på personlege eigenskapar, som evne til å leie seg sjølv og ta ansvar for arbeidsmiljøet, eigen motivering og vilje til å stå på når det trengst.

### Arbeidsoppgåver:

- Bygging, drift og vedlikehald av høgspennet og lågspennet nettanlegg. Både luft- og kabelanlegg
- Transport av nødvendig materiell til byggeplass
- Halde orden og system på lageret
- Villig til å inngå i vaktordning.

### Ønska kvalifikasjonar:

- Fagbrev som energimontør
- Personar utan fagbrev, men med god praktisk erfaring, påståvilje og utdanning innan delar av arbeidsområdet, oppfordrast til å søke. Det vert høve til å ta fagbrev innan energimontørfaget dersom du ønskjer det.
- Førerkort klasse C/CE (klasse B er eit krav)
- Gode haldningar til sikkerheit og kvalitet
- God fysisk form
- Gode kommunikasjonsevner i norsk munnleg og skriftlig

### Vi tilbyr:

Eit spennande og godt arbeidsmiljø med stor variasjon i arbeidsoppgåver, her kan du få utvikle deg både fagleg og som person. Vi har konkurransedyktige lønns- og arbeidsvilkår, samt gode pensjonsordningar. Vi er stolte av jobben vår med å bygge og drifte den mest kritiske infrastrukturen vi har. Vil du bli ein del av teamet vårt? Vi ser fram til å høyre frå deg.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til nettsjef Hans Ørjasæter, mobil 401 74 502, eller energisjef Knut Gunnar Ulvedal mobil 915 15 028. Ynskjer ikkje kontakt med annonseselarar.

### SØKNADSRIST: MÅNDAG 23. SEPTEMBER 2019.

Søknad med CV sendast elektronisk til: [postmottak@stryn-energi.no](mailto:postmottak@stryn-energi.no)  
Merka "energimontør/hjelparbeidar".

### For meir informasjon:

[www.stryn-energi.no](http://www.stryn-energi.no). Telefon: 57873600. Stryn Energi AS, Tinggata 3, 6783 Stryn